

# Innspel til leselyststrategien

Frå Askøy folkebibliotek.

## **Hva mener du/dere er de tre største utfordringene knyttet til lesing og leselyst?**

Konkurrerende medium som YouTube, TikTok som gir underholdning som *raske karbohydrat* der det er om å gjera å ha det gøyast på kortast mogleg tid. Vi er vane med å lesa kort, kjapt og med fokus på å trekka ut essens, det gir lav lesekonentrasjon/uthaldande

Har høyrte at det kan gjera konsentrasjonstida vår kortare. Utan at me har noko kjelde her.

## **Hva vil være de tre viktigste målgruppene for strategien?**

Her tenker førskule, 1-3 trinn for å gje dei ein god start på lesetreninga. Lesetida treng ikkje berre vera ei nødvendighet, men eit gode.

Overgangen mellom barne- og ungdomskule

Gutta Boyz 13-18 år. Kvar blir dei av? Og korleis får me tilbake.

## **Hva bør de tre viktigste tiltakene i strategien være?**

- Styrke skulebiblioteka - herunder

Gode skulebibliotek som har oppdatert boksamling og gjerne i samarbeid med folkebibliotek.

Skulebibliotekarar som har tid til å formidle bøker

- Tiltak som involverer foreldre. Som bevisstgjering av haldningar i forhold til nemnte konkurrerende medium TicToc, Youtube ol. Både de vaksne sine haldningar mot desse, og de vaksne sine haldningar ovanfor born som bruker desse media. Her har det vore nokre interessante prosjekt som til dømes Twitter-forteljning. Der ei berre har 150 teikn på å lage ein heil forteljning.

## **Har dere gode eksempler på hva som bidrar til leselyst?**

Her på Askøy folkebibliotek innviterar me klassar inn til oss kvart år til det me kallar Bokprat. Der me formidlar bøker i 20-30 minutt for klassane som kjem innom og så får dei bruke bibliotekslokalet etterpå, vanlegvis rundt 1 ½ time med matpause, bruk av biblioteksrom og låne/lesing av bøker. Me har valt å invitere 2. klasse, 4. klasse, 6. og 7. klasse og ungdomskulen. Me er 3 bibliotekarar som har fordelt klassesetrinna mellom oss. Me reiser også rundt på nokre av dei skulane som ligg lengst borte frå folkebiblioteket for å gi tilbodet til flest mogleg. Me jobbar aktivt med formidlingsdelen av dette, gjennom kursing og samtalar mellom oss. Dette har meg gjort i ein 8-10 år no og me opplever at dei same klassane kjem tilbake år etter år til oss. Så noko gjer me vel riktig her.

Sommerles (!) er og blir ein suksesshistorie og spreng rekordar år etter år.

Eventyrstunder/høgtlesing har me også her. Der me anten lagar førestillinga sjølv, eller hyrer inn eksterne til å gjera det for oss. Då rettar me oss meir mot barnehagar til hendingar i vekedagane og småbarnsforeldre på laurdagar.

## **Er det andre viktige områder vi må huske på?**

Oppretthalde og kanskje vidareutvikla kulturfondordninga på barnebøker som støtter gode norske forfattarar. Dette er eit viktig verktøy for oss og gjer at me alltid har eit breidt utval av bøker å presentere til lånarane.